

GISKE KOMMUNE  
Kontrollutvalet

MØTEINNKALLING

Kopi til: Ordføreren  
Revisor  
Rådmannen

Medlemene av  
Kontrollutvalet

**INNKALLING TIL MØTE I GISKE KONTROLLUTVAL**

Det blir med dette kalla inn til møte i kontrollutvalet

**torsdag 05.05.2011 kl. 12.00**  
**på Giske rådhus**

**SAKLISTE:**

- Sak 01/11 - Godkjenning av møtebok frå møte 30.11.2010
- ” 02/11 - Kontrollrapport 2010 vedkomande skatteoppkrevjarfunksjonen i Giske kommune
- ” 03/11 - Orientering om rutinar knytt til tilsyn med born i fosterheim (ingen saksdokument – orienteringssak)
- ” 04/11 - Eventuell utviding av mandat i undersøkinga av kommunen si praktisering av svarfristar på mottekne brev
- ” 05/10 - Om oppfølging av kommunestyrevedtak jf sak 24/10

Eventuelt

Dersom det er vanskeleg å møte, gje melding på telefon 70 17 21 58 eller 97 60 57 83 til dagleg leiar eller e-post [kontrollutval@kontrollutval.no](mailto:kontrollutval@kontrollutval.no)

Dag Oksnes  
leiar  
(sign.)

# KONTROLLUTVALET I GISKE KOMMUNE

## MØTEBOK

Møtedato: 30.11. 2010 kl. 13.00

Møtestad: Giske rådhus

Møtet vart leia av Dag Oksnes

Elles til stades:

Anne Lise Hessen Følsvik, Petra Riste Synnes, Ove Paulsen og Gunnar Morsund  
= 5 voterande

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte dagleg leiar Harald Rogne

Frå kommunerevisjonen møtte dagleg leiar Kjetil Bjørnsen

Frå Giske kommune møtte rådmann Martin Bostad i sak 24/10 og økonomisjef Sigmund Strand i sak 26/10.

Det var ingen merknader til innkalling eller sakliste.

### **SAK 23/10**

#### **GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ MØTE 14. OKTOBER 2010**

#### **Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Møtebok frå kontrollutvalet sitt møte 14. oktober 2010 blir godkjent.

### **SAK 24/10**

#### **OPPFØLGING AV KOMMUNESTYREVEDTAK.**

Saksdokument datert 18.11.2010 frå kontrollutvalsekretariatet.  
Eigenevaluering frå rådmannen

#### **Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

1. Kontrollutvalet er svært nøgd med den prosessen rådmannen har sett i gang for oppfølging av kommunestyrevedtak.
2. Kontrollutvalet ber om å få seg førelagt rapportering om oppfølging av politiske vedtak to gonger pr. år. Kontrollutvalet vil også anbefale å legge rapporteringa fram for kommunestyret.

### **SAK 25/10**

#### **OM BYGGEPROSJEKT VED VALDERØY KYRKJE OG JOHANNESKAPELLET**

Saksutgreiing datert 18.11.2010 frå kontrollutvalsekretariatet.

Petra Riste Synnes stilte spørsmål ved eigen habilitet som følgje av medlemskap i eit sokneråd og forlet møtet. Kontrollutvalet fatta deretter slikt samrøystes vedtak:  
Petra Riste Synnes er habil. Petra Riste Synnes tiltredte møtet.

#### **Kontrollutvalet si samrøystes innstilling:**

1. Ettersom Den Norske Kyrkja ligg utanfor kontrollutvalet sitt kompetanseområde, vil kommunestyret be rådmannen sette i verk dei kontrollar som ligg innanfor ramma i forskrift om økonomiforvaltning for kirkelige fellesråd § 4 for å so langt som mogleg å få vurdert prosjektgjennomføringa i høve vedtak og prosjektplan for Valderøy Kyrkje og Johanneskapellet.
2. Kommunestyret vil for ettertida stille vilkår om nærare kontroll med at kommunale tilskot til fellesrådet blir nytta etter føresetnadane i samsvar med reglane i kyrkjelova.

### **SAK 26/10**

#### **EI OPPDATERT ORIENTERING OM BUDSJETTSITUASJONEN FOR 2010**

Orienteringa vart gitt av økonomisjef Sigmund Strand. Situasjonen har bedra seg sidan rapporteringa frå september der det var førespeila eit meirforbruk på 12 til 13 millionar kroner til no 6 til 7 millionar.

#### **Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

1. Kontrollutvalet konstaterer at den økonomiske utviklinga er inne i ein negativ trend.
2. Kontrollutvalet vil halde seg ajour med utviklinga over nyttår.

Møtet slutt kl. 14.55

Dag Oksnes  
leiar  
(sign.)

Anne Lise Hessen Følsvik  
medlem  
(sign.)

Petra Riste Synnes  
medlem  
(sign.)

Ove Paulsen  
medlem  
(sign.)

Gunnar Morsund  
medlem  
(sign.)



**SUNNMØRE  
KONTROLLUTVÅLSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet

Dato: 29.04.2011

**SAK 02/11  
KONTROLLRAPPORT 2010 VEDKOMANE SKATTEOPPKREVJARFUNKSJONEN  
I GISKE KOMMUNE**

Som vedlegg følger:

- Kontrollrapport 2010 vedkomande skatteoppkrevjarfunksjonen i Giske kommune

Staten har i fleire år hatt det totale ansvaret for kontroll og revisjon med skatteoppkrevjarfunksjonen. Riksrevisjonen har ansvaret for den formelle revisjonen av skatterekneskapan, mens oppfølginga av den interne kontroll hos skatteoppkrevjar, blir utført av skatteetaten.

Dei kommunevise skatterekneskapa blir avgjeve ovanfor Skattedirektoratet v/skatteetaten. Skatterekneskapan blir sett på som ein delrekneskap til Skatteetaten sin samla rekneskap. Den formelle revisjon er tillagt Riksrevisjonen, og vert utført som ein del av Riksrevisjonen sin kontroll av Skatteetaten si samla verksemd.

Riksrevisjonen sine konklusjonar etter den årlege revisjonen av skatterekneskapa vil bli kommunisert til Skattedirektoratet i avsluttande revisjonsbrev. Vesentlege og prinsipielle forhold vil i samsvar med gjeldande lover og reglar bli rapportert til Stortinget. Stortinget foretar desisjon (godkjenning) av Skatteetaten sitt samla rekneskap. Skattedirektoratet ser det difor ikkje lenger som naturleg at kommunestyret skal foreta ein formell desisjon av kommunen sitt skatterekneskap.

Etter ”*Instruks for skattekontorenes kontroll av skatteoppkreverne*” skal skatteetaten innan den 15. februar året etter rekneskapsåret utarbeide ein kontrollrapport for skatteoppkrevjarfunksjonen i den enkelte kommune. Denne omfattar også rekneskapskontrollen som blir utført av skatteetaten. Rapporten blir sendt til kommunestyret i den enkelte kommune med kopi til Skattedirektoratet, Riksrevisjonen, skatteoppkrevjar og kommunen sitt kontrollutval.

Kommunestyret/kontrollutvalet skal etter det som er nemnt ovanfor ikkje lenger behandle sjølve skatterekneskapan, men får gjennom kontrollrapporten ei tilbakemelding på om skatteoppkrevjarfunksjonen blir utført på ein tilfredsstillande måte. Rapporten inneheld også eventuelle forslag til tiltak og forbetningspunkt. Skattedirektoratet set ingen formelle krav til

formell behandling av kontrollrapporten i kommunestyret/kontrollutvalet, men føreset at kommunen følger opp eventuelle tiltak og forbedringspunkt.

Skatteetaten vil normalt ikkje møte ved ei eventuell behandling av kontrollrapport/skatterekneskap som kommunestyresak.

På bakgrunn av ovanstående legg ein saka fram for kontrollutvalet med forslag om slikt

### **v e d t a k :**

Kontrollutvalet tek kontrollrapport vedkomande skatteoppkrevjarfunksjonen i Giske kommune datert 11.02.2011 frå Skatteetaten til orientering.

Harald Rogne  
dagleg leiar



**Skatteetaten**

Saksbehandler  
Ragnar Høyland

Deres dato

Vår dato  
11.02.2011

Telefon  
73 86 57 35

Deres referanse

Vår referanse  
2010/199139

Kommunestyret i Giske kommune  
Rådhuset  
6050 VALDERØYA

## Kontrollrapport 2010 vedkomande skatteoppkrevjarfunksjonen i Giske kommune.

Vi har gjennomført kontrollar knytt til skatteoppkrevjarfunksjonen for Giske kommune for 2010. Rekneskapen viser per 31. desember 2010 ein skatte- og avgiftsinngang<sup>1</sup> til fordeling mellom skattekreditorane (etter frådrag for avsetjing til margin) på kr 542 318 294 og uteståande restansar<sup>2</sup> på kr 12 222 882, av dette krav stilla på vent på kr 0. Skatterekneskapen er avlagt av kommunen sin skatteoppkrevjar den 21. januar 2011.

### 1. Oppgåver og kontroll

Grunnlaget for skatteetaten sin kontroll av skatteoppkrevjarfunksjonen er ”*Instruks for skattekontorenes kontroll av skatteoppkreverne*” av 29. november 2007.

Skattekontoret har ansvaret for å avklare at skatteoppkrevjarfunksjonen verkar tilfredsstillande i høve til gjeldande regelverk på følgjande områder:

- Ressursar og tilpassa organisering
- Rekneskapsføring, rapportering og avlegging av skatterekneskapen
- Skatte- og avgiftsinnkrevjing
- Arbeidsgjevarkontroll

Riksrevisjonen har ansvaret for revisjon av skatteoppkrevjarfunksjonen. Skatteetaten utfører oppgåvene med kontroll av skatteoppkrevjarfunksjonen.

### 2. Omfanget av kontrollen

Skattekontoret har i 2010 gjennomført stadleg kontroll av skatteoppkrevjarkontoret for områda skattereknskap og innkrevjing. Siste stadlege kontroll vart halden 20. – 22.10.2010.

<sup>1</sup> Sum innbetalt og fordelt til skattekreditorane

<sup>2</sup> Sum opne (ubetalte) forfalne debetkrav



Skattekontoret har i 2010 i tillegg gjennomført kontorkontroll av skatteoppkrevjarkontoret for områda skatterekneskap og arbeidsgjevarkontroll.

Skatteoppkrevjarkontoret har gjeve tilbakemelding på pålegg og tilrådingar som er gjevne.

### **3. Resultat av utført kontroll**

Basert på utført kontroll meiner skattekontoret følgjande:

- ***Ressursar og tilpassa organisering***

Etter ei samla vurdering finn skattekontoret at skatteoppkrevjarkontoret er organisert slik at gjeremåla i høve til skatteoppkrevjarinstruksen kan utførast tilfredsstillande. Skattekontoret har ingen særskilte merknader til kontoret sin ressursituasjon.

- ***Rekneskapsføring, rapportering og avlegging av rekneskap***

Etter ei samla vurdering finn skattekontoret at rekneskapsføringa, rapporteringa og avlegginga av skatterekneskapen i det alt vesentlege er i samsvar med gjeldande regelverk og gjev eit rettvis uttrykk for skatteinngangen i rekneskapsåret.

- ***Skatte- og avgiftsinnkrevjinga***

Etter ei samla vurdering finn skattekontoret at utføringa av innkrevjingsarbeidet og oppfølginga av restansane i det alt vesentlege er i samsvar med gjeldande regelverk.

- ***Arbeidsgjevarkontroll***

Etter ei samla vurdering finn skattekontoret at utføringa av arbeidsgiverkontrollen i det alt vesentlege er i samsvar med gjeldende regelverk, retningslinjer og utføres i tilstrekkelig omfang.






#### 4. Ytterlegare informasjon om kontrollane

Skattekontoret har gjennom sine kontrollhandlingar i 2010 gjeve pålegg og tilrådingar til skatteoppkrevjar i brev av 08.11.2010.

Med helsing

  
Rune Langsø Johansen  
Avdelingsdirektør  
Innkrevjingsavdelingen  
Skatt Midt-Norge

  
Stein-Ove Hjortland  
Underdirektør

Kopi til:

- Kontrollutvalet i Giske kommune
- Skatteoppkrevjaren i Giske kommune
- Riksrevisjonen
- Skattedirektoratet

**SUNNMØRE  
KONTROLLUTVÅLSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet

Dato: 29.04.2011

**SAK 04/11  
EVENTUELL UTVIDING AV MANDAT I UNDERSØKINGA AV KOMMUNEN SI  
PRAKTISERING AV SVARFRISTAR PÅ MOTTEKNE BREV**

På bakgrunn av opplysningar som kom fram i sak 22/09 om arealplanlegging på Alnes gjorde kontrollutvalet slikt samrøystes vedtak:

*Kontrollutvalet konstaterer at ikkje alle mottekne brev har blitt svart på og viser til svarfristar på motteken post som går fram av forvaltningslova § 11a.  
Kontrollutvalet vil innhente utarbeidde rutinar for motteken post over nyttår*

Temaet kom fram som følge av ovannemnde sak og har blitt drøfta i seinare møte. I fleire kommunar har kontrollutvalsekretariatet planlagt liknande undersøkingar der ei undersøking av kommunen si praktisering av Offentleglova kjem i tillegg. Dette har også vore nemnt for Giske kommune sin del.

Arbeidet med undersøkinga av om kommunen held svarfristar er i ferd med å bli starta opp og det kan vere rasjonelt samtidig å ta ei undersøking av kommunen si praktisering av Offentleglova.

På bakgrunn av ovanståande legg ein saka fram for kontrollutvalet med forslag om slikt

**v e d t a k :**

Kontrollutvalsekretariatet tek eit utplukk av saker som er unnatekne offentleg innsyn og gjer ei nærare vurdering av kommunen si gradering i forhold til Offentleglova. I tillegg blir det gjort ei vurdering av om postjournalen er rettidig ajourført.

Harald Rogne  
dagleg leiar

**SUNNMØRE  
KONTROLLUTVÅLSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet

Dato: 29.04.2011

**SAK 05/11  
OM OPPFØLGING AV KOMMUNESTYREVEDTAK JF SAK 24/10**

Som vedlegg følger:

- Særutskrift av vedtak i sak 24/10

Det har kome fram ønskje om at kontrollutvalet ber om framlegging av saka for kommunestyret. Dette er også naturleg utifrå kommunelova § 77, nr. 6.

På bakgrunn av ovanstående legg ein saka fram for kontrollutvalet med forslag om slikt

**v e d t a k :**

Dokumenta i sak 24/10 blir å førelegge kommunestyret til orientering.

Harald Rogne  
dagleg leiar

**KONTROLLUTVALET I  
GISKE KOMMUNE**

**S Æ R U T S K R I F T**

**av møteboka for Giske kontrollutval i møte 30.11.2010.**

**Av 5 medlemmar var 5 til stades.**

**SAK 24/10  
OPPFØLGING AV KOMMUNESTYREVEDTAK.**

Saksdokument datert 18.11.2010 frå kontrollutvalsekretariatet.  
Eigenevaluering frå rådmannen

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

1. Kontrollutvalet er svært nøgd med den prosessen rådmannen har sett i gang for oppfølging av kommunestyrevedtak.
2. Kontrollutvalet ber om å få seg førelagt rapportering om oppfølging av politiske vedtak to gonger pr. år. Kontrollutvalet vil også anbefale å legge rapporteringa fram for kommunestyret.

Dag Oksnes  
leiar  
(sign.)